



Adresseliste

| | | | |
|------------------------------|---------------------------|--|---------------------------|
| Vår ref 2023/397-3 | Deres ref «Ref» | Saksbehandler Ingunn Moen Helland 909 90 488 ingunn.moen.helland@vaga.kommune.no | Dato 29.06.2023 |
|------------------------------|---------------------------|--|---------------------------|

Varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram - Områderegulering Vågåmo

I samsvar med Plan- og bygningslova §§ 12-2, 12-8 og 12-9, blir det varslet oppstart av planarbeid og høring av planprogram for områderegulering for Vågåmo. Forslagsstillar er Vågå kommune.

Bakgrunn og formål

Vågåmo tettstad og kommunesenter ligg utsett til for flaum og flaumskred. Med bakgrunn i denne situasjonen har NVE gjennomført eit moglegheitsstudie av heilskapleg sikring av Vågåmo mot flaumskred og flaumhendingar i elvene Otta, Finna og Nugga. Planarbeidet er utløyst av behovet for nødvendig planavklaring for gjennomføring av skisserte flaumsikringstiltak. Moglegheitsstudien ligg til grunn for vidare prosjekterings- og reguleringsplanarbeid.

Det har vore gjennomført eit stadutviklingsprosjekt for Vågåmo sentrum som har resultert i ein masterplan. Masterplanen har fått politisk tilslutning som eit grunnlag og ei rettesnor for vidare arbeid med utvikling av Vågåmo. Det er eit mål å innarbeide hovudtrekka frå masterplanen i område-reguleringsplanen, i den grad kravet om framdrift i planprosessen opnar for dette.

Områdereguleringsplanen skal, for sikringstiltaka ha eit detaljeringsnivå som direkte heimlar byggjeløyve og gjennomføring av tiltak utan krav om detaljregulering. For andre område kan det vere nødvendig å setje krav om detaljregulering.

Vågå kommune vurderer planarbeidet å utløyse krav om konsekvensutgreiing og planprogram jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 6 a), da det dreier seg om områderegulering etter PBL § 12-2 som fastset rammer for tiltak i vedlegg II. Flaumsikringstiltak kjem inn under vedlegg II punkt f) som


| | | | |
|---|--|--|---|
| Postadresse: Edvard Storms veg 2 2680 Vågå | Besøksadresse: Edvard Storms veg 2, 2680 Vågå | Org.nr: 939 607 706 Heimeside: www.vaga.kommune.no E-post: postmottak@vaga.kommune.no | Telefon: 61 29 36 00 Bankkonto: 2085 07 70000 |
|---|--|--|---|

omfattar innanlands vassvegar som ikkje er fanga opp av vedlegg I, samt kanalisering og flaumsikring. Tiltaket er vurdert til å få vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. forskriftas § 8 a) og § 10.

Med bakgrunn i dette blir planprogrammet lagt ut til høyring samtidig med varsel om oppstart. Utkast til planprogram har vore framlagt til behandling i kommunestyret i Vågå kommune, og i vedtaket den 22.06.23, sak 43/2023, har kommunestyret gjeve si tilslutning til å legge forslag til planprogram lagt ut til offentlig ettersyn i samband med varsel om oppstart. Forslag til planprogram gjer greie for kva tema som blir rekna som relevante for konsekvensutgreiing.

Planområdet


Planavgrensinga er sett med bakgrunn i skisserte flaumsikringstiltak. Førrels plangrense omfattar Vågåmo sentrum og dessutan delar av Finna og Nugga, i tillegg til delar av Vågåvatnet og Ottaelva. Planområdet er på ca. 5677 daa. I planprosessen vil plangrensa bli vurdert nærare ut ifrå behovet, og det kan dermed vere aktuelt å redusere planområdet ved utarbeiding av planforslaget.



Figur 1. Kartutsnittet viser føreslege plangrense ved varsel om oppstart. Kartgrunnlag: InnlandsGIS

Planstatus

Kommuneplanens arealdel for Vågå var sist vedtatt 09.08.17. Flaumsikringstiltaka er ikkje angitt i arealdelen. Fleire område innanfor sentrumssona i Vågåmo vart avsett til sentrumsformål i kommuneplanens arealdel i samband med denne rulleringa. Sentrumsformål omfattar bustad, kontor, hotell og bevertning, forretning, tenesteyting og nødvendig grøntareal. Planområdet omfattar 27 reguleringsplanar, som vil inngå i områdereguleringa.



Figur 2. Gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet (Kjelde: reguleringsplanbasen, Vågå)

Planlagde tiltak

Det er gjort omfattande kartleggings- og utgreiingsarbeid for alle naturfarar i Vågåmo. NGI-rapportane frå moglegheitsstudie for sikring av Vågåmo gir det faglege grunnlaget for vidare vurderingar og prosjektering av sikringstiltaka. Planområdet omfattar areal for alle tiltak (jf. NGI-rapport Fase 3) som kan bli aktuelle.

For å løyse utfordringane med flaum og flaumskred er det føreslege fleire løysingar. For Finna er flaumtunnel og sedimentasjonstersklar det priorerte tiltaket som totalt sett gjev den beste løysinga, alternativt heve og forsterke flaumverk langs Finna og heve Finna bru.

For Nugga er det skissert tiltak som etablering av fangnett, utbetring av flaumverk langs elva, auke av kapasiteten under bruer og etablering av voll aust for industrifeltet. For Ottaelva er det mellom anna skissert tiltak for sikring av Vågåmo vassverk og etablering av flaumvollar.

Flaumsikringstiltaka blir vurderte nærare i samband med prosjekteringsfasen NVE er i gang med. Arbeidet med reguleringsplan krev eit nært samarbeid med NVE og prosessen for planlegging og prosjektering av sikringstiltaka, i og med at reguleringsplanen skal innarbeide dei nødvendige sikringstiltaka. Det er difor nødvendig at desse prosessane går parallelt.

Vågå kommune har arbeidd med eit stadutviklingsprosjekt som har resultert i ein masterplan. Tilrådde føringar frå masterplanen vil vera viktig innspel til områdeplanen. Masterplanen angir nokre overordna strategiar som m.a. omhandlar overordna plangrep, fortettingsmoglegheiter samt tema som mobilitet og grønstruktur.

Innspel, samråd og medverknad

Arbeidet med områdereguleringa vil ha fokus på å leggje til rette for sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred. Det blir også lagt opp til å innarbeide overordna føringar for sentrumsutvikling med bakgrunn i masterplan for Vågåmo. Det er viktig å halde nødvendig framdrift i planarbeidet sidan planavklaring av flaumsikringstiltaka er avgjerande for å kunne gjennomføre sikringstiltak.

Med bakgrunn i kravet til framdrift i planprosessen ber vi om at innspel blir avgrensa til forhold som gjeld flaumsikring og overordna føringar for sentrumsutvikling, og at det ikkje blir fremja innspel som omhandlar forhold utover dette. Innarbeiding av arealbruksendringar av privat eller næringsmessig karakter, ligg i utgangspunktet utanfor rammene for dette planarbeidet.

Forslag til planprogram for områderegeringsplan for Vågåmo, kart med plangrense og saksprotokoll frå kommunestyret si behandling av saka 22.06.2023 sak 43/2023 er lagt ut på kommunen si heimeside: <https://www.vaga.kommune.no/tenester/plan-miljo-klima-bygg-brann-og-teknisk/plan/hoyring-og-kunngjeringar/>. Her er også andre relevante grunnlagsdokument for planarbeidet tilgjengeleg. Alle dokumenta er også lagt ut i servicetorget på kommunehuset og tilgjengelege for gjennomsyn der.

Vågå kommune legg også undervegs ut informasjon om flaumsikringsprosjektet som kan vere av generell interesse, sjå heimesida <https://www.vaga.kommune.no/tenester/flaumsikring-vagamo/>

Vågå kommune og NVE inviterer til:

Open kontordag 28. august kl. 12.00-16.00 på Vågå kulturhus.
Her vil det vere mogleg å prate med Vågå kommune og NVE.

Informasjonsmøte 28. august kl. 18.00-20.00 i Vågå kulturhus
Her vil det bli gjeve informasjon frå NVE og Vågå kommune. Møtet er ope for alle.
Vågå kommune sin konsulent, Norconsult, vil vere til stades på open kontordag og ope møte.

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til kommunalsjef Pål Inge Sanden eller Steinar Løkken.

Frist for merknader til planprogrammet og innspel til planarbeidet er **8. september 2023.**

Innspel/merknader skal sendast til: Vågå kommune, Edvard Stormsveg 2, 2680 Vågå eller til postmottak@vaga.kommune.no.

Med helsing

Jan Egil Fossmo
Kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.

